



Retningslinjer for tildeling av kulturpris

1. Føremål

Føremålet med kulturprisen er å stimulere lag, grupper eller personar i arbeidet for utbreiing/utøving/organisering av ulike kulturaktivitetar i Fjord kommune over lang tid.

2. Kulturprisen kan gjevast til:

- Einskildpersonar eller grupper av personar
- Lag og organisasjonar som høyrer heime i Fjord kommune, og som har vist vedvarande evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats.
- I tilfelle kulturarbeidet til vedkomande har kome eller kjem særleg denne kommunen til gode og elles fell inn under føresetnadene som er nemnde ovanfor, kan prisen delast ut til kandidatar som ikkje er busette i kommunen.

Kulturprisen kan ikkje gjevast til offentlege institusjonar eller landsomfattande organisasjonar som hovudsakleg finansierer arbeidet sitt ved offentlege midlar, heller ikkje til personar som er tilsett av det offentlege til å drive kulturarbeid eller kulturvern.

3. Kunngjering

Kulturprisen skal annonserast gjennom lokalavisa og på kommunen si heimeside og facebook-side. Enkeltpersonar, organisasjonar og formannskapet kan kome med forslag på kandidatar. Kulturprisen kan delast ut kvart år. Formannskapet avgjer om prisen skal delast ut, og kven som skal få.

4. Prisen

Kulturprisen skal vere ei pengegåve på kr 8.000 i tillegg til eit diplom. Formannskapet har ansvar for utdelinga ved eit passande høve.

5. Offentleggjering

Det skal ikkje offentleggjerast kven som er kandidatar eller kva utfall avrøystinga mellom kandidatane fekk.